



**Nasjonalparkstyret  
for Jotunheimen  
og Utladalen**

**Postadresse**  
Postboks 987  
2604 LILLEHAMMER

**Besøksadresse**  
Norsk fjellsenter  
Brubakken 2, 2686 Lom  
Luster kommune,  
Kommunehuset, 6868 Gaupne

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 61 26 60 00  
Direkte: +47 57 64 31 47  
sfinpost@statsforvalteren.no  
<http://www.nasjonalparkstyret.no/jotunheimen>

«MOTTAKARNAMN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTAD»

Saksbehandlar Eldrid Nedrelo

Vår ref. 2023/3108-1

Dykkar ref.

Dato 21.03.2023

## Utladalen LVO - Utbetring av stien frå Vetti til brua over Morkaelvi - Spørsmål om pristilbod på arbeid

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har ansvar for forvaltning av Utladalen landskapsvernområde. Blant oppgåvene til styret er å legge til rette for besøkande, og nasjonalparkstyret meiner det er behov for utbetring av stien frå Vetti til brua over Morkaelvi.

Vettisfossen er Norges høgste frie og uregulerte fossefall, og har trekt turistar til dette området i Årdal kommune sidan tidleg på 1900-talet. Framme på stupkanten har det i over hundre år vore ein utsiktsrampe i tre. (Bilete frå universitetsbiblioteket i Bergen viser at det var ein utsiktsrampe på staden allereie i 1906). Hausten 2022 vart det bygd ei ny utsiktsplattform på kanten av fossejuvet som erstatning for den andre rampa som stod der på vernetidspunktet i 1980.

Turen frå nedre del av Utladalen til utsiktspunktet ved Vettisfossen/Vettismorki og vidare til Skogadalsbøen, følgjer den gamle kløvstien til Vettismorki opp den bratte lia frå Vetti. Under snøsmelting og i nedbørsperiodar skilir det jamt ut stein og lausmassar. Det er derfor behov for å stabilisere stitraseen og å leie bort vatn slik at det ikkje oppstår unødig erosjon.

I 2021 var det plassert ut ein ferdselsteljar langs stien frå Vetti gard til utsiktspunktet/Vettismorki, og det vart registrert totalt 6 911 passeringar. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen reknar med at ferdsla på stien vil auke framover med etablering av det nye utsiktspunktet i området.

Det vart utført noko arbeid på stien frå Vetti oppover lia hausten 2021 (shepparbeid), men det er behov for å forsterke stien ytterlegare i utsette parti, inkludert utbetring for å minske slitasjen på stien og for å minimere erosjonsskader.

Vi ber om pristilbod på oppdraget om utbetring av stien frå Vetti til brua over Morkaelvi.

Oppdraget og behova med krav til ytinga er nærare skildra i vedlegga. Det at stien ligg innanfor eit landskapsvernområde krev at ein tek særskilde omsyn til verneverdiane og har fokus på at arbeidet skal gjennomførast skånsamt og synast minst mogleg i landskapet. Tett dialog med Statens naturoppsyn som prosjektleiar for praktisk gjennomføring av arbeidet og nasjonalparkforvaltar er ein føresetnad.



Tilbudet om utbetring av stien mellom Vetti og brua over Morkaelvi skal skildre forståing av oppdraget, kompetanse og tilgjengelegheit til den/dei som skal utføre oppdraget, timepris. Vi håpar sti-arbeidet kan starte så snart snøen er borte, og at det kan ferdigstillast innan 15. juni. Om ikkje arbeidet kan ferdigstillast innan 15. juni, må det utsetjast til etter turistsesongen. I så fall blir frist for ferdigstilling sett til 20. oktober.

Særlege forhold: Området der sti-arbeidet vil føregå er berre tilgjengeleg til fots frå Vetti gard.

Tilbudet skal i tråd med konkurransegrunnlaget omfatte:

- Tilbodsbrev
- Dokumentasjon på oppfyljing av kvalifikasjonskrav
- Forpliktingserklæring
- Evt. atterhald og avvik
- Dokumentasjon på oppfyljing av tildelingskriterium
- Pris

Jf. krav til tilbudet i konkurransegrunnlaget kap. 6.

Eventuelle spørsmål kan rettast til underteikna på e-post: [fmsfene@statsforvalteren.no](mailto:fmsfene@statsforvalteren.no)

Tilbud skal leverast pr. e-post til [sfinpost@statsforvalteren.no](mailto:sfinpost@statsforvalteren.no) og [kari.sveen@statsforvalteren.no](mailto:kari.sveen@statsforvalteren.no) med kopi til [fmsfene@statsforvalteren.no](mailto:fmsfene@statsforvalteren.no) innan tilbudsfristen den 24. april 2023 kl. 12:00.

Likelydande førespurnad er sendt til tre ulike firma i nærområdet til Årdal/Utladalen.

Med helsing

Eldrid Nedrelo  
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift



Vedlegg

1. Konkurransesgrunnlag
2. Vedlegg A Tilbudsbrief, mal
3. Vedlegg B Forpliktingserklæring, mal
4. Vedlegg C Atterhald og avvik, mal
5. Vedlegg D Tilstandsrapport med skildring av behov og krav til ytinga
6. Vedlegg E Avtalevilkår

Kop:

Statsforvaltaren i Innlandet  
Statsforvaltaren i Vestland  
Statens Naturoppsyn v/Rigmor Solem  
Kari Sveen